



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.03.2014

Vår ref.: 2014/1394

Arkivnr.: 471

Solør Bioenergi AS Avd. Vigrestad  
Kyrkjeveien 470  
4362 VIGRESTAD

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Kontroll av Solør Bioenergi AS Avd. Vigrestad - Hå kommune

Dato for revisjonen: 12.02.2014  
Rapportnummer: 2014.033.I.FMRO  
Saksnr.: 2014/1394

### Til stades ved kontrollen

Frå verksemda:  
Hans M. Moss  
Jon Magne Glomsvoll  
Atle Herikstad

Frå Fylkesmannen:  
Margareta Skog  
Mariann Størksen

### Resultat frå kontrollen

Denne rapporten handlar om dei avvik og merknader som vart avdekka i kontrollen på Solør Bioenergi AS sitt anlegg på Vigrestad i Hå kommune.

Fylkesmannen fann ingen avvik, men gav ein merknad under kontrollen. Merknaden er beskriven på side 4 i rapporten.

Kontrollen avdekka ikkje brot på vikåra i løyve. Verksemda treng difor ikkje å gi tilbakemelding på kontrollrapporten.

Saka avsluttast med dette.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernleiar

Mariann Størksen  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Mariann Størksen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06  
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Hå kommune      Postboks 24      4368      Varhaug

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Kontrollert anlegg:</b> Solør Bioenergi AS Avd. Vigrestad	<b>Org.nr.</b> 989 236 482
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 35.300	<b>Bedr.nr.</b> 889 542 012
<b>Besøksadresse:</b> Kyrkjeveien 470, Vigrestad	<b>Telefon:</b> 975 97 000
<b>Postadresse:</b> Postboks 46, 2261 Kirkenær	<b>E-post:</b> post@solorbioenergi.com
<b>Kommune:</b> 1119 Hå	
<b>Løyve:</b> 21.12.11 med endring av 28.02.13	<b>Risikoklasse:</b> 3
<b>Sist kontrollert:</b> Ikkje kontrollert etter at løyve vart gitt	<b>Anleggsaktivitet:</b> Avfall – mottak, mellomlagring og sortering

## 2. Omfanget av kontrollen

Målet med kontrollen var å vurdere om rutine for mottak og lagring av avfall vart gjort i samsvar med vilkåra i utsleppsløyve.

Tema for kontrollen var:

- Sikring av avfallet sin kvalitet
- Lagring av motteken og kverna trevirke
- Journalføring og rapportering

### Definisjonar:

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

**Merknad:** Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendige å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

### Bakgrunn for kontrollen

Solør Bioenergi sitt anlegg på Vigrestad er plassert i risikoklasse 3. Anlegg i denne risikoklassen skal ha kontroll frå forureiningsmyndigheita kvart tredje år. Anlegget har ikkje hatt kontroll sidan utsleppsløyvet vart gitt i desember 2011.

Solør vart varsla om kontrollen i brev av 28.01.2014.

Denne rapporten omhandlar dei tema som vart dekkja under kontrollen og gir ingen fullstendig vurdering av tilstanden til verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Det vart ikkje avdekkja avvik men det vart gitt ein merknad under kontrollen. Det er dermed ingen oppfølging etter kontrollen.

## 4. Avvik

Det vart ikkje avdekka avvik på denne kontrollen.

## 5. Merknader

Fylkesmannen har følgjande merknad:

### **Merknad 1: Deklarasjonsskjema for farleg avfall (impregnert trevirke) skal følgje med transporten til forbrenningsanlegget**

**Kommentar:** Verksemda tek imot farleg avfall i form av impregnert trevirke. Prosedyre for mottak og deklarerering av farleg avfall viser at deklarerering skjema fylgjer avfallet til mottaket slik det skal. På anlegget vert avfallet behandla – kverna. Når det ferdig kverna impregnerte trevirke vert sendt vidare har det ikkje vore vanleg praksis å senda deklarasjonsskjema med vidare. Dette vart diskutert under kontrollen og Fylkesmannen har sjekka det ut med Miljødirektoratet (Mdir). Deklarasjonsskjema skal fylja avfallet heilt fram.

— Dette betyr at det og skal fylja det kverna impregnerte avfallet frå anlegget på Vigrestad til forbrenning på Grødaland. Solør Bioenergi må endre praksis i samsvar med dette.

## 6. Andre forhold

- Under synfaringa på ute på anlegget fekk me eit godt inntrykk av verksemda. Særleg merka vi oss at det var ryddig på området både ute og inne. Fylkesmannen ynskjer å gi Solør ros for dei tiltak som er sette i verk for å få å halda orden og oversikt på anlegget og for å rutinar for å oppdage tilløp til brann tidleg.
- Under førebuinga til kontrollen vart det avdekka at vilkår 2.1 i løyve av 21.12.2011 inneheld feil. Det vart søkt om å ta imot alle typar impregnert trevirke. Dette var og beskrive i høyringsdokumentet. Vilkåret skal rettast opp ved neste revisjon. Rett vilkår skal lyde slik:

### ***Vilkår 2.1 Avfall som tillates mottatt, mellomlagret og kvernet***

- *Returtrevirke*
- *Impregnert og kreosotbehandlet trevirke*

## 7. Gebyr for kontrollen

Fylkesmannen varsla i brev av 28.01.2014 at verksemda skal betale gebyr for kontrollen etter § 39-6 i forureiningsforskrifta. Solør Bioenergi AS Avd. Vigrestad er plassert i risikoklasse 3, og skal dermed betale kr 12 000,- for kontrollen.

Gebyret vert kravd inn av Mdir.

## 8. Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vera tilgjengeleg for offentlegheita via Fylkesmannen sin postjournal på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) (jf. offentlegheitslova).

Kopi av rapporten vert og sendt til:

- Hå kommune